



Årsmøte for 2023 - Jølster Jeger- og fiskarforeining

Tysdag 05.03.2024 kl. 19.00-20.30 i gamle bankbygget på Skei

Sakliste:

1. Konstituering av møtet

Godkjenning av innkallinga

Val av ordstyrar

Val av sekretær

Val av teljekorps

Val av to medlemar til å underskrive protokollen

Godkjenning av forretningsorden.

Styret fremjar følgjande til forretningsorden:

- Talerett har alle frammøtte på årsmøtet
- Forslags- og røysterett har alle med gyldig medlemskap i Jølster JFF.
- Berre endringsforslag som har samanheng med saker oppført på saklista kan handsamast. Forslag på vedtak skal fremmast før strek er sett.
- Avstemming på endringsforslag skal avgjerast med simpelt fleirtal.
- I protokollen skal det førast inn innkomne forslag og avstemmingar, samt dei vedtaka som er gjorde.

2. Godkjenning av årsmelding frå 2023

3. Godkjenning av revidert rekneskap frå 2023

4. Innkomne saker med styret sine forslag til vedtak

- a. Det er ingen innkomne saker.

5. Styret sine forslag til årsplan.

- a. Styret syner til aktivitetsheftet og -kalendaren på portalsida.

6. Styret sine forslag til kontingentnivå (låg, middels, høg sats) for hovudmedlemskap.

- a. Styret foresler å halde kontingentsatsen på låg (45,- til foreininga for hovudmedlemskap)

7. Val av styre i samsvar med § 8 i NJFF si vedtektsnorm.

Ann Kristin Gaare – leiar – ikkje på val – 1 år att

Rune Ytredal – nestleiar – ikkje på val - 1 år att

Karianne Dvergsdal Bøyum – sekretær – på val

Lars Fonn – styremedlem – på val

Torbjørn Ripe – styremedlem – ikkje på val - 1 år att

Oddgeir Solvåg – varamedlem – på val

Kåre Sætenes Strømmen – varamedlem – ikkje på val - 1 år att

Valnemnda sin innstilling:
(vert framlagt på årsmøtet)

- 8.** Foreininga sin utvalsstruktur og val av medlemmar til utval etter behov
 - a. Styret konstituerer på første styremøte etter årsmøtet

- 9.** Val av valnemnd på tre medlemmar. Geir Dvergsdal, Tom Andre Helmen, Vemund Sætenes Strømmen
 - a. Valnemnda si innstilling:
(vert framlagt på årsmøtet)

- 10.** Val av revisor(ar). Ragnvald Søgnesand og Per Heggheim
 - a. Valnemnda si innstilling:
(vert framlagt på årsmøtet)



Årsberetning for Jølster Jeger- og fiskarforeining for året 2023

Styret har i 2023 bestått av:

Ann Kristin Gaare – leiar, kasserar, jegerprøveansvarleg

Rune Ytredal – nestleiar, ansvarleg skytebane rifle

Karianne Dvergsdal Bøyum – sekretær, kvinnekontakt

Lars Fonn – styremedlem

Torbjørn Ripe – styremedlem, ungdomskontakt

Oddgeir Solvåg – varamedlem, ansvarleg garnfiske

Kåre Sætenes Strømmen – varamedlem, ansvarleg skytebane hagle

Andre tillitsvalde:

Revisorar: Ragnvald Søgnesand og Per Heggheim

Valkomite: Geir Dvergsdal, Tom Andre Helmen, Vemund Sætenes Strømmen

Året 2023

Styret har vore samla til 4 styremøter, og i tillegg teken nokon avgjerdsjar på styret sin Facebook/Messengergruppe. Av sakar som har vore til handsaming kan nevnt skyteaktivitetar, rutinar på leirduebana og for utstyr, planlegging av øvrige aktivitetar og dugnader, m.m.

Foreininga hadde 108 medlemmar pr 31.12.23, det er 7 fleire enn utgangen av 2022. 32 av desse var ungdomsmedlem, 1 meir enn i 2022, og 23 kvinnelege medlemmar, opp 5 frå 2022.

Laget oppretta ei Instragram-konto, og det er etter kvart ein del følgjarar, så vi trur vi når ut til den yngre garde på det viset.

Fleire i styret har fått tilgang til å publisere på instragramkontoen. Styret er oppteken av at portalsiden www.njff.no/sogn-og-fjordane/jolster/ skal være oppdatert til ein kvar tid, og aktivitetar vert publisert der og vidare derifrå til Facebook og Instragram.

Året 2023 har vore eit år med mykje planlagte aktivitetar, noko har vore lite oppmøte på, og andre ting vart avlyst av same grunn.

Leirduebana har vore ope frå juni til august, og oppmøtet var stabilt, men vi skulle gjerne hatt fleire med. Vi ser likevel at kontinuitet på arrangementa der gjer til at fleire kjem til etter kvart.

Vi har utdanna to nye hagleinstruktørar og to nye rifleinstruktørar i laget.

Båtopptrekket på Svidalsneset måtte fiksast på to gonger, og det har diverre ikkje vore godt nok arbeidd på det, så der må det takast på nytt til våren.

Hundeforsalet stupte etter at Førde JFL starta med å selje det same foret, så vi vart sitjande att med nokre sekkar som vil bli brukt på åteplass for rev og kråke, og har valt å slutte med sal av hundefor.

Aktivitetar i 2023 som har vore annonserte:

- Jegerprøvekurset i 2023 hadde 17 deltakarar og 16 som gjekk opp til eksamen hos Sunnfjord kommune og bestod.
- Sporkurs/grunnkurs ettersøk i samarbeid med Sunnfjord hundeklubb, som stilte med ein ekstra instruktør, hadde 10 deltakar.
- Kurs i navigering med kart og kompass hadde vi med innleig instruktør frå orienteringsgruppa i Førde. Det var berre 3 deltakarar, men vi valgte å gjennomføre likevel.
- Vi planla eit grunnkurs i haglestyting, men avlyste då det berre var ein påmeldt.
- Fiskesommar i samband med Jølster aarefest. 23 barn + vaksne var med på fiskesommar. Dei som ønskte fekk vere med å dra opp garn eller fiske litt frå båt. Vi grilla både pølser og ferske fiskefilear. Og til slutt hadde vi loddtrekning med premiar til alle under 18 år. Ein fin kveld!
- Garnfiske / Flytegarnfiske i Jølstravatnet – 4 stykker som har leigd garn/båt. Garnfisket går med underskot. Garna vert øydelagd av mykje rusk i vatnet, og det har ikkje vore så stor interesse for fisket i 2023.
- Havfisketur i Barmen med to vaksne og to ungar. Oddgeir styrte båten med trygg hand
- Rifleskyting for damer har vore arrangert 3 gonger, litt lite oppmøte, men triveleg for dei som var med.
- Rekrutteringsskyting vart annonsert 2 dagar. Litt lite oppmøte.
- Jaktstiskyting med rifle på bevegelege mål vart arrangert to gonger og har vore svært populært arrangement.
- Slakte-/parteringskurs med Steinar Lindstrøm vart helde i Svidal, og det var 10 deltakarar på kurset.
- Introjakt rype vart gjennomført 16. september med 5 deltakarar, det vart felt både rype og hare.
- Introjakt hjort vart i Sanddalen 30. september. Det var 6 ferske jegere påmeldt, og vi fekk god hjelp av hundane til Jan Inge Skjerven frå sogn til å drive fram hjorten. Det vart observert fleire dyr, men ingen fall.
- Matlagingskurs med Steinar Lindstrøm vart avlyst – berre to påmeldte
- Revejakt-tilbod – formidla kontakt med tre jegere og grunneigarar, det er usikkert kor mykje det har vore jakta.
- Dugnad – vår og haust på leirduebana. Stort sett styret som har møtt opp. Vi var litt sein med å stenge vatnet på leirduebana, men hadde på varme. Vi fekk likevel ei lekkasje frå avløpet til vasken inn i veggen til våpenrommet.

Resultatrekneskap



Rekneskapsåret 2023 syner eit underskot på kr. 17.916,-
Resultatet kjem i hovudsak av at vi har utdanna fire nye instruktørar, kjøpt inn ammunisjon
og leirduer, og hatt utgifter til båtopptrekk på Svidalsneset.

Jølster 27.02.2024

Ann Kristin Gaare
Leiar

Rune Ytredal
Nestleiar

Karianne D. Bøyum
Sekretær

Lars Fonn
Styremedlem


Torbjørn Ripe
Styremedlem


Årsrekneskap 2023							
Inntekter							
Introjakt		kr 14 736,00		Tilskot introjakt 2022 kr. 7264,- utbetalt i jan 2023			
Renteinntekt		kr 369,00					
Jegerprøvekurs		kr 42 900,00					
Skytebane/-aktivitet		kr 15 076,00		Hagle- og riflebana/-skyting			
Tilskot		kr 30 172,00		Frifond, kvinneaktivetsmidlar			
Medlemskontingent		kr 5 325,00					
Andre kurs		kr 19 579,00		Sporkurs, Parteringskurs, Navigeringskurs			
Garnfiske		kr 2 000,00					
Fiskesommar		kr 6 320,00					
MVArefusjon		kr 2 197,00					
		kr 138 674					
Utgifter							
Jegerprøvekurs			kr 13 340,00				
Andre kurs			kr 7 595,00	Sporkurs, Parteringskurs, Navigeringskurs			
Fiskesommar			kr 5 337,00				
Introjakt			kr 4 835,00				
Skytebane-/aktivitet			kr 71 480,00	Ammo, skivemateriell m.m.			
Møteaktivitet			kr 7 847,00	Styremøter/årsmøte			
Garnfiske/båt			kr 14 875,00	Garn, arbeid m båtopptrekk			
Diverse utgifter			kr 30 942,00	Instruktørutdanning 4 stk, jaktradioer			
Vipps gebyr			kr 339				
			kr 156 590				
Årsresultat		-kr 17 916,00					
Eigenkapital							
Hagleskot		kr 32 000					
Leirduer		kr 28 300					
Utstyr		kr 71 400					
Bank		kr 361 977					
Bank 2		kr -					
		kr 493 677					
Ann Kristin Gaare leiar				Rune Ytredal nestleiar			
Karianne D. Bøyum styremedlem				Lars Fonn styremedlem			
Torbjørn Ripe styremedlem							

Revisjon Jølster JFF

Rekneskapen er revidert og funnen i orden.

20.02.2024


Per Heggheim


Ragnvald Søgnesand